

Eide Fjordbruk AS  
5640 EIKELANDSOSENFyllingsnes Fisk AS  
5913 EIKANGERVÅGDato: 19.03.2015  
Vår ref.: 2015/959-24  
Sakshandsamar: Endre Korsøen  
Telefon: 917 64 632

## **H-K-32, H-K-33, H-K-63 og H-L-23 Eide Fjordbruk AS org. nr. 866751242 og H-L-3 Fyllingsnes Fisk AS org. nr. 930387215 - Løyve til å etablere anlegg for oppdrett av matfisk av laks og aure på lokalitet 26295 Langøy i Lindås kommune**

Vi syner til Dykkar søknad av 28.01.2015.

### Vedtak

Hordaland fylkeskommune gjev med dette Eide Fjordbruk AS org. nr 86675242 med akvakulturløyve reg. nr. H-K-32, H-K-33, H-K-63 og H-L-23, og Fyllingsnes Fisk AS org. nr. 930387215 med akvakulturløyve med reg. nr. H-L-3 løyve til å etablere flytande akvakulturanlegg for oppdrett av matfisk av laks (*Salmo salar*) aure (*Salmo trutta*) og regnbogeaure (*Oncorhynchus mykiss*) i sjø på følgjande lokalitet i Lindås kommune i Hordaland fylke:

| Nr  | Lokalitet                      | Kommune                        | Lokalitets<br>-biomasse        | Anleggets midtpunkt<br>Euref89/WGS84 | Samlokalisering                               |
|---|--------------------------------|--------------------------------|--------------------------------|--------------------------------------|---|
| 26295   | Langøy                         | Lindås                         | 3120 tonn                      | 60° 46.748' N<br>05° 09.648' E       | H-K-32, H-K-33,<br>H-K-63,H-L-23,<br>og H-L-3 |
| Anlegget er godkjent med følgjande hjørnepunkter-kartreferansar oppgjeve i Euref-89/WGS84 |                                |                                |                                |                                      |   |
| 1   | 2                              | 3                              | 4                              | 5                                    | 6   |
| 60° 46.654' N<br>05° 09.718' E  | 60° 46.647' N<br>05° 09.704' E | 60° 46.614' N<br>05° 09.506' E | 60° 46.651' N<br>05° 09.410' E | 60° 46.884' N<br>05° 09.787' E       | 60° 46.847' N<br>05° 09.883' E                |

Lokalitet 26295 Langøy er godkjent for løyva H-K-32, H-K-33, H-K-63, H-L-23 tilhøyrande Eide Fjordbruk AS og H-L-3 tilhøyrande Fyllingsnes Fisk AS. Kvar av løyva omfattar ei maksimal tillaten biomasse på 780 tonn. For nærmare oversikt over kva lokalitetar som er godkjent for dei einskilde løyva, viser vi til akvakulturregisteret.

H-L-23, Eide Fjordbruk AS, er eit akvakulturløyve for laks til forsøks- og forskingsføremål avgrensa til 780 tonn MTB og gjeld fram til 31.12.2017. Lokalitetsbiomassen skal ikkje på noko tidspunkt overskride 3120 MTB.

Dette løyve erstattar løyve av 02.07.2014.

### Lovheimel

Løyvet er gjeve av Hordaland fylkeskommune med heimel i Lov av 17.06.2005 nr. 79 om akvakultur og Forskrift av 22.12.2004 nr. 1798 om tillatelse for akvakultur for laks, ørret og regnbueørret (laksetildelingsforskrifta). Dette løyvet etter akvakulturlova inkluderer løyve etter matlova, forureiningslova og hamne- og farvannslova.

### Særskilde vilkår for forsøks- og forskningsløyve H-L-23

Hordaland fylkeskommune viser til vedtak frå Fiskeridirektoratet av 24.01.2013 om å tildele Eide Fjordbruk AS eit akvakulturløyve til forsøks- og forskningsformål, avgrensa til 780 tonn MTB for ein periode frå og med 01.09.2013 til og med 31.12.2017.

Det er knytt følgjande særlege vilkår til forsøks- og forskningsløyve H-L-23:

- Forsøksbiomassen skal nyttast i samsvar med prosjektskildringa i søknaden, dvs til forsøk som omhandlar uttesting av triploid laks i storskala under kommersielle forhold.
- AquaGen AS og Havforskningsinstituttet skal ha det faglege ansvaret for forsøka i akvakulturløyve.
- Resultata frå forsøksverksemda skal være allment tilgjengeleg. Årleg forsøksrapportering skal utførast på standardiserte skjema ([www.fiskeridir.no](http://www.fiskeridir.no)) og sendast til Fiskeridirektoratet si kyst- og havbruksavdeling innan 15. februar påfølgjande år. Det skal vidare sendast sluttrapport når prosjektet er fullført.
- Innehavar av løyva skal ha det faktiske og merkantile ansvaret for fisken i akvakulturløyve.
- All fisk som vert sett ut i akvakulturløyve skal inngå i godkjente forsøk, og ved avslutning av forsøk må fisken slaktast/seljast.
- Vilkår i laksetildelingsforskrifta som ligg til grunn for tildeling av akvakulturløyva til forsøks- og forskningsformål må være oppfylt også i driftsfasen.

### Grunngjeving

Eide Fjordbruk AS og Fyllingsnes Fisk AS søkte 28.01.2015 om utviding av areal for anlegg for oppdrett av laks og aure på lokalitet 26295 Langøy i Lindås kommune.

#### Om søknaden

Lokalitet 26295 Langøy er klarert for ein maksimalt tillaten biomasse på 3120 tonn. Løyve er gjeve til eit anlegg som består av seks 35 x 35 meter stålbur på ei rekkje med tilhøyrande fôrflåte. Noverande anlegg er klarert for om lag 27 dekar overflate areal.

Eide Fjordbruk AS og Fyllingsnes Fisk AS søker no om å få klarert areal for utlegging av eit nytt plastringanlegg. Det nye anlegget vil bestå av 5 merdar med tilhøyrande fôrflåte. Kvar merd vil ha ein omkrets på 160-200 meter. Rammefortøyinga vil ha ein storleik på 550 x 110 meter.

Omsøkt overflate areal er om lag 60 dekar for sjølv oppdrettsanlegget. I tillegg kjem fôrflåten med fôrslangar til anlegget. Denne er tenkt plassert 100 meter sør for anlegget. Dette vil gje eit samla overflate areal på ca. 95 dekar. Det vert ikkje søkt om endring i produksjonskapasiteten i anlegget.

Årsaka til søknaden er mellom anna at verksemda sitt anlegg på lokalitet Ospeneset lenger inne i Austfjorden havarerte i samband med uveret «Nina». I det same uveret opplevde verksemda og utfordringar ved det eksisterande anlegget ved Langøy, og ein ønskjer difor å leggje ut eit nytt plastringanlegg før neste utsett. Neste utsett er planlagt i siste del av mars 2015. Søkjar skriv at på ein eksponert lokalitet som Langøy så vil eit plastringanlegg vera meir rømmingssikkert enn eit stålanlegg.

Overgang til plastringar vil vidare medføre at det vert større avstand mellom bura, noko som gjer betre vassgjennomstrømming i anlegget. Dette er med å sikre gode oksygenforhold og velferd for fisken. Det nye omsøkte anlegget vil elles ha større samla merdvolum samanlikna med dagens anlegg, noko som også vil bidra til auka velferd for fisken i anlegget. I tillegg vil større samla merdvolumet gje meir fleksibilitet ved eventuell behandling mot lus og AGD i brønnbåt på lokaliteten.

Den vestlegaste og den austlegaste delen av omsøkt anlegg ligg utafor areal avsett til akvakultur. Det same gjeld plasseringa av fôrflåten. Desse delane av anlegget er søkt i areal som er avsett til fiske, ferdsel, natur og friluftsliv med tilhøyrande føresegner om at fortøyingar og ankerfeste frå akvakulturanlegg kan tillast.

Merdanlegget, fôrflåten og mesteparten av fortøyingsarrangementet ligg i Lindås kommune, medan to fortøyingar/ankerfeste mot nord og to fortøyingar/ankerfeste mot aust ligg i Masfjorden kommune..

Hordaland fylkeskommune si tolking av arealplanen for Lindås er at omsøkt anleggsplassering delvis er i strid med planen. Etter Akvakulturlova sine §§ 6 og 15 fyrste ledd kan det ikkje gjevast løyve i strid med vedtekne arealplanar etter plan- og bygningslova. Dette er vidareført i laksetildelingsforskrifta § 30 bokstav d, der det går fram at lokalitet for akvakultur kan klarerast dersom det ikkje er i strid med vedtekne arealplanar etter plan- og bygningslova.

Søkjjar er kjent med at ein del av søknaden er i konflikt med arealplanen og har difor den 23.01.2015 send søknad om dispensasjon til Lindås kommune. På grunn av dette er søkjjar og klar over at det er ein risiko for at søknaden ikkje vil føre fram.

Søkjjar opplyser at det er særønskjeleg å gjera omsøkte anleggsbytte før planlagd utsett av fisk i slutten av mars 2015. Neste mulege tidspunkt for skifte av anlegg vil ikkje vera før neste utsett av fisk våren 2017.

Søknaden vert å handsame på vanleg måte, men for å spare tid ber søkjjar om at dispensasjon frå arealplanen vert vurdert parallelt med søknaden etter akvakulturregelverket.

Eide Fjordbruk AS og Fyllingnes Fisk AS sende den 10.03.2015 ei justert anleggsskisse. Denne endringa er og send til Lindås kommune i samband med handsaming av dispensasjonssaka. Endringa inneber at anlegget sin vestlege del no vil ligge innanfor området avsett til akvakultur i arealplanen. Søknaden er no noko mindre omfattande fordi ein nyttar større delar av det arealet som er avsett til akvakultur i arealplanen. Anlegget vil etter denne endringa kome noko lenger ut i fjorden.

#### Offentleg utlysing

Søknaden vart kunngjort etter retningslinene og har lege ute til offentlig innsyn i Lindås kommune. Det kom ikkje inn lokale merknader til søknaden.

Lindås kommune, plan og miljøutvalet, har den 04.03.2015 gjort følgjande vedtak: «I medhald av plan- og bygningslova § 19-2, vert det gjeve dispensasjon frå kommunedelplan for Fensfjordens arealdel i sjø §§ 3.2 og 3.4, jf. søknad frå Eide Fjordbruk AS og Fyllingsnes Fisk AS, datert 23.01.2014. Det vert vist til at det er sett av område for akvakultur ved den aktuelle lokaliteten. Anlegget vil ikkje vere vesentleg i konflikt med dei aktuelle arealføremåla, og fordelane knytt til driftstillhøve og sikrere anlegg i høve framtidig ekstremvær er større enn dei registrerte ulempe ved etablering av eit større anlegg. Det vert elles vist til saksutgreiinga. Plassering av anlegg skal gjerast i hht oppdatert søknad mottatt 25.02.2015.»

Lindås kommune har i skriv av 12.03.2015 send over dispensasjonsvedtaket som vart gjort i saka. Når det gjeld uttale til sjølve søknaden, viser kommunen til dispensasjonssaka og vil ikkje gje noko uttale utover det som kjem fram i saka. Lindås kommune vil likevel peike på at det er sentralt at endeleg plassering av fortøyingar vert meldt inn til både kommunen og Kystverket når desse er utplassert.

Masfjorden kommune fekk tilsend søknaden på høyring. Merknader er ikkje motteke.

Søknaden er handsama av Fiskeridirektoratet Region Vest 02.03.2015. Fiskeridirektoratet Region Vest har vurdert søknaden i høve til konsekvensar for tradisjonell fiskeriverksemd ,og kan ikkje sjå at utskifting stålanlegg til eit plastringanlegg vil medføre vesentlig auka konfliktpotensial med utøving av fiske. Når det gjeld fortøyingsystema føreset Fiskeridirektoratet Region Vest at desse ikkje vert trekt lenger ut enn det som er synt i kart og fortøyingskisse som er vedlagt søknaden.

Søknaden er handsama av Mattilsynet DK Bergen og omland 26.02.2015. I medhald av § 5 i Forskrift av 17.06.2008 nr. 823 om etablering og utviding av akvakulturanlegg, zoobutikkar m.m., gjev Mattilsynet DK Bergen og omland løyve til endring av arealbruk for akvakulturlokalitet 26295 Langøy som omsøkt.

Søknaden er handsama av Fylkesmannen i Hordaland, miljøvern- og klimaavdelinga 06.02.2015. Fylkesmannen har ikkje merknad til søknad frå Eide Fjordbruk AS og Fyllingsnes Fisk AS om utviding av areal for oppdrett av laks og aure på lokaliteten Langøy i Lindås kommune. Den generelle utviklinga i næringa har gått i retning frå stålanlegg til plastringanlegg. Plastringanlegga er sertifiserte for grovare sjø og skal tole større belastningar enn stålanlegga. Erfaringa frå stormen Nina no i januar har framskunda prosessen med utskifting av anlegget. Samstundes synes rømmingsstatistikken at det skjer rømmingar frå plastringanlegga også. Utsleppa frå det nye anlegget blir uendra, då det ikkje er søkt om endra lokalitetsbiomasse. Det er ikkje trong for å endre utsleppsløyvet så lenge utsleppsstaden (anlegget sitt midtpunkt) ikkje blir endra. Gjeldane utsleppsløyve av 30.08.2011 vert vidareført.

Søknaden er handsama av Kystverket Vest 17.03.2015. Med heimel i havne- og farvannslova § 27 andre ledd, jf. § 27 første ledd vert det gjeve løyve til søknad om utviding av anlegg ved lokalitet 26295 Langøy i Lindås kommune i samsvar med vedlagte stempla kart med teikning og posisjonar over anlegget.

Anlegget er søkt lokalisert i Fensfjorden, registret som bilei 2274. Av viktige navigasjonsinstallasjonar finn ein nord for lokaliteten Terneskjæret fyrlykt og i aust Kvamsøyna fyrlykt. Anlegget vil ikkje ligge i direkte konflikt med navigasjonssignal frå lyktene.

Det er noko skipstrafikk i det aktuelle sjøområdet, men mykje av denne trafikken er i samband med oppdrag for oppdrettsnæringa til anlegg i tilgrensande områder. Sjølv om omsøkt anlegg vil kome lenger ut i fjorden og såleis vil redusera farleis arealet, skulle det likevel vera tilstrekkeleg areal igjen til den sjøtrafikken som til er vanleg i den del av fjorden.

#### Hordaland fylkeskommune

Søknaden har vore utlagt til offentlig ettersyn og er handsama av Lindås kommune og relevante sektorstyresmakter. Hordaland fylkeskommune har ansvaret for å slutthandsame søknaden etter akvakulturlova og laksetiltingsforskrifta.

Generelle vilkår for klarering av lokalitet er gjeve i laksetiltingsforskrifta § 30:  
Lokalitet for akvakultur kan klarerast dersom:

- a) *det er miljømessig forsvarlig;*
- b) *det er foretatt en avveining av arealinteresser, med særlig vekt på*
  - 1. *søkers behov for areal til planlagt akvakultur,*
  - 2. *alternativ bruk av området til annen akvakultur,*
  - 3. *annen bruk av området, og*
  - 4. *verneinteresser som ikke omfattes av bokstav d.*
- c) *det er gitt tillatelser som kreves etter*
  - 1. *lov 19. desember 2003 nr. 124 om matproduksjon og mattrygghet mv.,*
  - 2. *lov 13. mars 1981 nr. 6 om vern mot forurensninger og om avfall,*
  - 3. *lov 17. april 2009 nr. 19 om havner og farvann.*
- d) *det ikke er i strid med*
  - 1. *vedtatte arealplaner etter plan- og bygningsloven 14. juni 1985 nr. 77,*
  - 2. *vedtatte vernetiltak etter kapittel V i lov 19. juni 2009 nr. 100 om forvaltning av naturens mangfold,*
  - 3. *vedtatte vernetiltak etter lov 9. juni 1978 nr. 50 om kulturminner.*

#### Vurdering i høve til bokstav a):

Med miljømessig forsvarleg meiner ein i denne samanheng både forureining og økologiske effektar. Påverknad på omgjevnaden gjennom støy og utslepp til luft og vatn er også vurdert av Fylkesmannen i Hordaland som har gjeve utsleppsløyve etter forureiningslova.

Det er etablert fleire matfiskanlegg i dei tilgrensande sjøområda og miljøtilstanden under og i umiddelbar nærleik av anlegga er overvaka gjennom MOM B-undersøkingar (NS 9410). Resultat frå desse MOM-undersøkingane syner ein stabil utvikling og god miljøtilstand. Det er ikkje søkt om utviding av MTB. Trendovervaking av lokaliteten syner at miljøtilstanden generelt er god. Overgang frå stålanlegg til plastringar vil etter vår vurdering ikkje ha negativ effekt på det marine miljøet.

Mattilsynet har forvaltningsansvaret for lakselus, dette inkluderer også eventuell påverknad av lakselus på vill laksefisk. Mattilsynet har vurdert søknaden og gjeve løyve til etablering.

Rømming av laks er oppfatta som ei uakseptabel hending uavhengig av lokalisering. Ei etablering av anlegg på lokaliteten må følgje gjeldane standardar og anna regelverk på dette området.

Lokaliteten ligg inne i ein fjord som er eit viktig område for sjøaure. Det er viktig at verksemda prioriterer effektive tiltak mot lakselus og rømming.

Lokaliteten kjem ikkje i konflikt med trua eller sårbare artar, viltområde eller naturtypar som har eit kjent behov for særskilt beskyttelse.

Ved handsaming av søknaden er sakshandsamingsreglane i naturmangfaldlova av 19. juni 2009 nr. 100 § 8 - 12 følgt i vurdering av om tiltaket det vert søkt om er miljømessig forsvarleg etter laksetildelingsforskrifta §30a. Søknaden har på vanleg måte etter reglane i akvakulturlova vore til handsaming hjå kommunen og sektorstyresmaktene, og det er ikkje kome opplysningar om at saka ikkje er tilstrekkeleg opplyst i høve til oppdrettsanlegget si påverknad på naturmangfaldet. Hordaland fylkeskommune vurderer derfor at kunnskapsgrunnlaget er tilstrekkeleg til å fatte eit vedtak og at det omsøkte tiltaket ikkje har ein irreversibel påverknad på naturmangfaldet.

#### Vurdering i høve til bokstav b):

##### Søkar sitt behov for lokaliteten:

Eide Fjordbruk AS og Fyllingsnes Fisk AS sitt behov for lokaliteten er tidlegare vurdert i samband med tidlegare lokalitetsklareringar. Fyrste løyve på lokaliteten vart gjeve 25.04.2006.

##### Alternativ bruk av området til annan akvakultur:

Området er allereie i bruk til oppdrett av matfisk av laks og aure, og det er soleis ikkje relevant å vurdere alternativ bruk av området til annan akvakultur.

##### Annan bruk av området:

Eide Fjordbruk AS og Fyllingsnes Fisk AS søker om utskifting og utviding av anlegg i eit område som tidlegare er klarert for oppdrettsverksemd. Det er soleis gjort vurderingar tidlegare i høve til konflikt med annan bruk av området. Det er ikkje kome nye opplysningar i denne søknadsprosessen i høve til påverknad på annan bruk av området.

Kommunen sin uttale skal tilleggas stor vekt ved vurdering av søknaden. Den avsluttande søknadshandsaminga og interesseavveginga må imidlertid ivareta ei heilskapleg avveging mellom næringsinteressene og andre samfunnsinteresser. Lindås kommune har i sin uttale tilråd etableringa.

Fiskeridirektoratet region Vest skal gje ein uttale i høve til tradisjonelle fiskeriinteresser i slike saker. Fiskeridirektoratet har i sin uttale konkludert med at den omsøkte etableringa ikkje vil få vesentlege negative konsekvensar for det tradisjonelle fisket i området.

##### Vernetiltak:

Det er ikkje kome fram opplysningar om andre verneinteresser som ikkje omfattar av bokstav d i søknadsprosessen

Vurdering i høve til bokstav c):

Mattilsynet DK Bergen og omland har gjeve løyve til etablering etter sitt lovverk.

Fylkesmannen i Hordaland, miljøvern- og klimaavdelinga har gjeve utsleppsløyve etter forureiningslova.

Kystverket Vest har gjeve løyve til etableringa etter hamne- og farvannslova.

Søknaden gjeld ein lokalitet i sjø og er difor ikkje handsama etter vassressurslova.

Vurdering i høve til bokstav d):

Merdanlegget, fôrflåten og mesteparten av fortøyingsarrangementet ligg i Lindås kommune, medan fire fortøyingar/ankerfeste mot nordaust ligg i Masfjorden kommune.

Den nord austlegaste delen av omsøkt merdanlegget ligg utafor areal avsett til akvakultur i arealplanen. Det same gjeld plasseringa av fôrflåten. Desse delane av anlegget, i både Lindås og Masfjorden, er søkt i areal som er avsett til fiske, ferdsel, natur og friluftsliv med tilhøyrande føresegner om at fortøyingar og ankerfeste frå akvakulturanlegg kan tillatast.

Lindås kommune har den 04.03.2015 gjort følgjande vedtak: «I medhald av plan- og bygningslova § 19-2, vert det gjeve dispensasjon frå kommunedelplan for Fensfjordens arealdel i sjø §§ 3.2 og 3.4, jf. søknad frå Eide Fjordbruk AS og Fyllingsnes Fisk AS, datert 23.01.2014. Det vert vist til at det er sett av område for akvakultur ved den aktuelle lokaliteten. Anlegget vil ikkje vere vesentleg i konflikt med dei aktuelle arealføremåla, og fordelane knytt til driftstilhøve og sikrere anlegg i høve framtidig ekstremvær er større enn dei registrerte ulempene ved etablering av eit større anlegg. Det vert elles vist til saksutgreiinga. Plassering av anlegg skal gjerast i hht oppdatert søknad mottatt 25.02.2015.»

Konklusjon

Etter ei samla vurdering har Hordaland fylkeskommune gjeve Eide Fjordbruk AS org. nr 86675242 med akvakulturløyve reg. nr. H-K-32, H-K-33, H-K-63 og H-L-23, og Fyllingsnes Fisk AS org. nr. 930387215 med akvakulturløyve med reg. nr. H-L-3 løyve til å etablere flytande akvakulturanlegg for oppdrett av matfisk av laks (*Salmo salar*) aure (*Salmo trutta*) og regnbogeaure (*Oncorhynchus mykiss*) med ein maksimal tillaten lokalitetsbiomasse på 3120 tonn på lokalitet 26295 Langøy i Lindås kommune på nærmare vilkår.

Generelle vilkår

Løyve vert gjeve under føresetnad av at etablering, drift og eventuelt avvikling vert gjennomført i samsvar med gjeldande lovverk, forskrifter og vilkår.

Lokalitet skal etablerast i samsvar med vedlagte kart. Dersom De ønskjer å endra anlegget i høve til dette løyvet, må det sendast søknad om dette til Hordaland fylkeskommune.

Løyve etter Akvakulturlova inneberer at det er gjeve eit offentleg rettsleg løyve inkludert løyve etter matlov, forureiningslova og hamne- og farvannslova.

Løyvet vert gjeve utan ansvar med omsyn til nabo-, eigedoms- eller andre privatrettslege tilhøve. Dette løyvet frittek Dykk ikkje frå plikt til å innhenta naudsynt løyve etter andre lover, eller plikt til å retta Dykk etter reglar og påbod som vert gjeve med heimel i slike lover.

Løyve kan trekkjast attende eller anlegget kan verte kravd redusert dersom tilhøva skulle tilseie dette.

### Pliktar

Som konsesjonsinnehavar har De plikt til å sette Dykk inn i det regelverket som gjeld for løyver etter akvakulturlova. Akvakulturlova med tilhøyrande forskrifter er tilgjengeleg på [www.lovdata.no](http://www.lovdata.no) .

De pliktar å gje representantar frå Fiskeridirektoratet, Fylkesmannen, Kystverket og Mattilsyn tilgang til gransking av og opplysningar om anlegget.

Kopi av dette løyvet med vedlegg skal oppbevarast tilgjengeleg for alle tilsette på anlegget, og også slik at løyvet kan synast til alle som har kontrollrett.

### Vedlegg

Uttale frå Fylkesmannen i Hordaland 06.02.2015 og 30.08.2011, Mattilsynet, DK Bergen og omland 26.02.2015 og Kystverket Vest 17.03.2015, samt kart med godkjent plassering av anlegget og klageskjema fylgjer vedlagt.

### Klage

Vedtaket kan påklagast. Sjå om dette i vedlagde orientering. Ei eventuell klage skal framsettast til Hordaland fylkeskommune, sjølv om klaga gjeld vedtak fatta av Fylkesmannen, Mattilsynet eller Kystverket.

I medhald av forvaltningslova sin §27b vert det sett som vilkår for å gå til søksmål at ein har nytta høvet til å klaga. Ein gjer merksam på at eventuell klage ikkje fører til at iverksetjing av vedtaket vert utsett. Det er likevel høve til å søkje om at iverksetjing blir utsett til klagesaka er avgjort.

Bård Sandal  
fylkesdirektør regional utvikling

Gudrun Mathisen  
seksjonssjef


*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Kopi:

Fiskeridirektoratet Region Vest  
Fylkesmannen i Hordaland, miljøvern- og klimaavdelinga  
Mattilsynet, Region Sør og Vest, avdeling Bergen og omland  
Kystverket Vest  
Lindås kommune  
Masfjorden kommune



# H-K-32,H-K-33,H-K-63 og H-L-23 Eide Fjordbruk AS H-L-3 Fyllingsnes Fisk AS Lokalitet 26296 Langøy



Hordaland fylkeskommune


Agnes Mowinckels gate 5  
PB 7900  
5020 Bergen

Tlf: 55 23 90 00  
e-post: hfk@hfk.no  
www.hordaland.no

Foretaksnr. NO 938 626 367 mva.  
Kontonnr. [xxxx xx xxxxxx]



## 26295 Langøy - Klarerte ytterpunkt




**Målestokk: 1:10 000**

Hordaland fylkeskommune

Agnes Mowinckels gate 5  
PB 7900  
5020 Bergen

Tlf: 55 23 90 00  
e-post: [hfk@hfk.no](mailto:hfk@hfk.no)  
[www.hordaland.no](http://www.hordaland.no)

Foretaksnr. NO 938 626 367 mva.  
Kontonr. [xxxx xx xxxxxx]



Hordaland fylkeskommune

Agnes Mowinckels gate 5  
PB 7900  
5020 Bergen

Tlf: 55 23 90 00  
e-post: hfk@hfk.no  
www.hordaland.no

Foretaksnr. NO 938 626 367 mva.  
Kontonr. [xxxx xx xxxxxx]

| Punkt/Line   | START       |            | SLUTT       |            |
|--------------|-------------|------------|-------------|------------|
|              | Breddegr.   | Lengdegr.  | Breddegr.   | Lengdegr.  |
| Fiskeridir.  | 60°46,674 N | 5°09,560 Ø |             |            |
| Midtpunkt    | 60°46,748 N | 5°09,648 Ø |             |            |
| NV           | 60°46,884 N | 5°09,787 Ø |             |            |
| NØ           | 60°46,847 N | 5°09,883 Ø |             |            |
| SØ           | 60°46,614 N | 5°09,506 Ø |             |            |
| SV           | 60°46,651 N | 5°09,410 Ø |             |            |
| V1           | 60°46,651 N | 5°09,410 Ø | 60°46,789 N | 5°09,069 Ø |
| V2           | 60°46,698 N | 5°09,485 Ø | 60°46,999 N | 5°08,683 Ø |
| V3           | 60°46,745 N | 5°09,562 Ø | 60°47,202 N | 5°08,368 Ø |
| V4           | 60°46,792 N | 5°09,637 Ø | 60°47,240 N | 5°08,454 Ø |
| V5           | 60°46,839 N | 5°09,713 Ø | 60°47,295 N | 5°08,512 Ø |
| V6           | 60°46,884 N | 5°09,787 Ø | 60°47,335 N | 5°08,592 Ø |
| N1           | 60°46,884 N | 5°09,787 Ø | 60°47,272 N | 5°10,401 Ø |
| N2           | 60°46,884 N | 5°09,787 Ø | 60°47,263 N | 5°10,439 Ø |
| N3           | 60°46,847 N | 5°09,883 Ø | 60°47,246 N | 5°10,485 Ø |
| N4           | 60°46,847 N | 5°09,883 Ø | 60°47,235 N | 5°10,508 Ø |
| Ø1           | 60°46,847 N | 5°09,883 Ø | 60°46,572 N | 5°10,676 Ø |
| Ø2           | 60°46,802 N | 5°09,808 Ø | 60°46,552 N | 5°10,460 Ø |
| Ø3           | 60°46,755 N | 5°09,733 Ø | 60°46,553 N | 5°10,280 Ø |
| Ø4           | 60°46,708 N | 5°09,657 Ø | 60°46,559 N | 5°10,024 Ø |
| Ø5           | 60°46,661 N | 5°09,581 Ø | 60°46,556 N | 5°09,847 Ø |
| Ø6           | 60°46,614 N | 5°09,506 Ø | 60°46,531 N | 5°09,691 Ø |
| S1           | 60°46,614 N | 5°09,506 Ø | 60°46,570 N | 5°09,441 Ø |
| S2           | 60°46,614 N | 5°09,506 Ø | 60°46,572 N | 5°09,433 Ø |
| S3           | 60°46,651 N | 5°09,410 Ø | 60°46,640 N | 5°09,339 Ø |
| S4           | 60°46,651 N | 5°09,410 Ø | 60°46,606 N | 5°09,332 Ø |
| <b>Flåte</b> |             |            |             |            |
| Midtpunkt    | 60°46,656 N | 5°09,701 Ø |             |            |
| NV           | 60°46,659 N | 5°09,681 Ø |             |            |
| NØ           | 60°46,666 N | 5°09,696 Ø |             |            |
| SØ           | 60°46,654 N | 5°09,718 Ø |             |            |
| SV           | 60°46,647 N | 5°09,704 Ø |             |            |
| F.N1         | 60°46,659 N | 5°09,681 Ø | 60°46,711 N | 5°09,307 Ø |
| F.N2         | 60°46,666 N | 5°09,696 Ø | 60°46,994 N | 5°09,203 Ø |
| F.Ø1         | 60°46,666 N | 5°09,696 Ø | 60°47,094 N | 5°10,368 Ø |
| F.Ø2         | 60°46,654 N | 5°09,718 Ø | 60°46,973 N | 5°10,679 Ø |
| F.S1         | 60°46,654 N | 5°09,718 Ø | 60°46,571 N | 5°10,042 Ø |
| F.S2         | 60°46,647 N | 5°09,704 Ø | 60°46,519 N | 5°09,774 Ø |
| F.V1         | 60°46,647 N | 5°09,704 Ø | 60°46,511 N | 5°09,602 Ø |
| F.V2         | 60°46,659 N | 5°09,681 Ø | 60°46,611 N | 5°09,483 Ø |



|  |   |
|--|---|
| <b>(1) Sendar (stemplet til forvaltningsorganet)</b><br><b>Hordaland fylkeskommune</b><br><b>Agnes Mowinckels gate 5</b><br><b>PB 7900</b><br><b>5020 BERGEN</b> | <b>Melding om rett til å klage over forvaltningsvedtak</b><br>(Forvaltningslova § 27 tredje leddet)<br><br>Dato: 19.03.2015   |
| <b>(3) Mottakar (namn og adresse)</b><br><br><b>Fyllingsnes Fisk AS, 5913 EIKANGERVÅG</b><br><b>Eide Fjordbruk AS, 5640 EIKELANDSOSEN</b>                        | <b>(4) Klageinstans</b><br><br><b>Fiskeridirektoratet, Kyst- og havbruksavdelinga</b><br><b>Postboks185 Sentrum</b><br><b>5804 BERGEN</b>   |
| <b>Denne meldinga gjev viktige opplysningar dersom De vil klage på eit vedtak De er gjort kjend med.</b>   |   |
| <b>Klagerett</b>   | De har rett til å klage på vedtaket.  |
| <b>ven kan De klage til?</b>   | Klaga sender De til oss, dvs. det organet som er ført opp i rubrikk (1). Dersom vi ikkje endrar vedtaket vårt som følgje av klaga, sender vi klaga over til klageinstansen, jf. rubrikk (4).  |
| <b>Klagefrist</b>  | Klagefristen er tre - 3 - veker frå den dagen dette brevet kom fram. Det er nok at klaga er postlagd før fristen går ut. Dersom De klagar så seint at det kan vere uklart for oss om De har klaga i rett tid, bør De oppgje datoen for når De fekk dette brevet. Dersom De klagar for seint, kan vi sjå bort frå klaga. De kan søkje om å få lengre klagefrist, og da må De nemne grunnen til at De ønskjer det.  |
| <b>Rett til å krevjegrunggeving</b>  | Dersom De meiner at vi ikkje har grunngjeve vedtaket, kan De krevje ei slik grunngjeving før fristen går ut. Ny klagefrist blir då rekna frå den dagen De får grunngjevinga.  |
| <b>Innhaldet i klaga</b>   | De må presisere <ul style="list-style-type: none"> <li>- kva for eit vedtak De klagar på</li> <li>- årsaka til at De klagar</li> <li>- den eller dei endringar De ønskjer</li> <li>- eventuelt andre opplysningar som kan ha noko å seie for vurderinga av klaga</li> </ul> Klaga må underskrivast.   |
| <b>Utsetjing av gjennomføringa av vedtaket</b>   | Jamvel om De har klagerett, kan vedtaket til vanleg setjas i verk med det same. Men de kan søkje om å få utsett gjennomføringa av vedtaket til klagefristen er ute eller til klaga er avgjort.  |
| <b>Rett til å sjå saksdokumenta og til å krevje rettleiing</b>   | Med visse unntak har De rett til å sjå dokumenta i saka. Reglane om dette finst i § 18 og § 19 i forvaltningslova. De må i tilfelle ta kontakt med oss, jf. rubrikk (1). De vil då få nærmare rettleiing om retten til å klage, om framgangsmåten og om reglane for saksgangen.   |
| <b>Kostnadene med klagesaka</b>  | De kan søkje om å få dekt utgifter til den advokathjelpa De treng, etter reglane om fritt rettsråd. Her gjeld det visse grenser for inntekt og eige. Fylkesmannen eller advokaten Dykkar kan gje nærmare opplysningar om dette. Dersom vedtaket er endra til Dykkar fordel, kan De etter forvaltningslova ha krav på å få dekt store kostnader som har vore naudsynte for å få endra vedtaket. Klageinstansen (jf. rubrikk (4)) vil orientere Dykk om retten til å krevje slik dekning.   |
| <b>Klage til Sivilombodsmannen</b>   | Dersom De meiner at De har vore utsett for urett frå den offentlege forvaltninga, kan De klage til Stortingsombodet for forvaltninga (Sivilombodsmannen). Sivilombodsmannen kan ikkje sjølv endre vedtaket, men kan gje si vurdering av korleis den offentlege forvaltninga har handsama saka, og om dei har gjort feil eller forsømt noko. Dette gjeld likevel ikkje i saker som er avgjorde av Kongen i statsråd. Dersom De no får klaga Dykkar avgjort i statsråd fordi Kongen er klageinstans, kan De såleis ikkje seinare føre saka inn for Sivilombodsmannen. |
| Særlege opplysningar   |   |

X-0073 N (Godkj. 05-95) Elektronisk utgåve